



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Finnmark fylkeskommune
Fylkeshuset
Henry Karlsens pl. 1
9815 VADSØ

Dykkar ref

Vår ref
11/399-1 EN

Dato

4 MAR 2011

Statsbudsjettet 2011 - Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar for regional utvikling - Utbygging av breiband og anna infrastruktur - Tilskotsbrev

Tilsegn nr.: 11 302016

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet viser til Prop. 1 S (2010–2011) for Kommunal- og regionaldepartementet, Innst. 16 S (2010–2011) og orienteringsbrev av 5. oktober 2010. Eg viser òg til brevet frå departementet av 24. februar 2011 der det er gitt ein omtale av kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift.

Den totale ramma i 2011 på kap. 551, post 61 er på totalt 696,3 mill. kr. Av dette er 567,7 mill. kr fordelt på fylkeskommunar som har fått ein auke i arbeidsgivaravgifta. Dette betyr at det står att 128,6 mill. kr, såkalla restmidlar til fordeling til fylke med kommunar innanfor det distriktpolitiske verkeområdet som skal prioritere breibandsutbygging. I tillegg er ei ubrukt ramme på kr 200 000, overført frå 2010, blitt lagt til restmidlane. Etter dette blir ramma totalt 128,8 mill. kr. Fylkesfordelinga på kap. 551, post 61 er vist i vedlegg 1. I tillegg er det gitt ei tilsegnsmakt på 100 mill. kr på posten, som først kjem til utbetaling i 2012. Dette gjeld og for dei fylka som berre tek imot midlar til breibandsutbygging, sjå punkt 2 i dette brevet og vedlegget.

2. Fylkesvis ramme

Ramma til **Finnmark fylkeskommune** er fastsett til **11,5 mill. kr.**

Av den totale ramma på 11,5 mill. kr kan 9,8 mill. kr bli utbetalte i 2011. Resten, 1,7 mill. kr, er ei tilsegnsmakt der midlane først kan bli utbetalte i 2012.

Postadresse: Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59, Telefon: 22 24 90 90, Telefaks: 22 24 27 40
Org.nr.: 972 417 858

Løyvinga som er stilt til rådvelde skal disponerast i samsvar med reglementet for økonomistyring i staten, Prop. 1 S (2010–2011), retningslinene for kap. 551, postane 60 og 61, statsstøtteregelverket, brevet frå departementet av 24. februar 2011 og presiseringane i dette tilskotsbrevet.

3. Breibandsutbygging og annan infrastruktur og næringstiltak

Ramma for restmidlar er fordelt på fylke med kommunar innanfor heile det distriktspolitiske verkeområdet. Ramma er fordelt på fylka etter dei same objektive kriteria som blei nytta ved fordelinga av midla under kap. 551, post 60. Sjå vedlegg 1.

I 2011 skal fylkeskommunane prioritere utbygging av breiband til område, som ikkje har tilbod om breiband. Når alle har fått eit tilbod om breiband som svarer til 640/128 kbit/s, skal midlane prioriterast til å auke kapasiteten på nettet i område som elles ikkje vil bli utbygd av kommersielle aktørar. Fylke som har oppnådd full breibandsdekning med stor nok kapasitet, kan bruke midlane til annan infrastruktur og næringstiltak, medrekna mobildekning, etter avtale med departementet. Dette inneber at fylkeskommunen må innhente skriftleg samtykke frå departementet før det blir sett i verk tiltak.

Som tidlegare år er det opna for at Finnmark fylkeskommune kan nytte midla til utbygging av transportnett.

Krav i samband med breibandsutbygging

Ved tildeling av tilskot til breiband må fylkeskommunane setje desse krava:

1. Tilskotet skal nyttast til å byggje ut infrastruktur for breiband.
2. Tilskotet skal bli gitt etter konkurranse for å sikre best mogleg utnytting av tilgjengelege middel.
3. Tilskotet må sikre at både husstandar, næringsliv og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda.
4. Tilskotet må sikre at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.

Departementet legg til grunn at prioriteringa mellom ulike prosjekt er i tråd med måla og strategiane i fylkesplanane eller konkrete planar for støtte til utbygging av breiband i område utan marknadsdekning.

ESA har fastsett nye retningslinjer for offentleg støtte til bygging av raskt breiband for å sikre konkurranse og unngå at private investeringar blir fortrent av prosjekt med offentleg støtte. Departementet syner i den samband til eige brev 22. desember 2010 om retningslinjene.

Departementet ønskjer å auke kunnskapen om resultatet av bruk av midlane til breiband og vil ha dialog med fylkeskommunane om korleis dette best kan målast.

For annan infrastruktur og næringstiltak gjeld dei generelle måla og retningslinjene for løyvinga.

4. Økonomiforvaltning

Fylkeskommunane skal sjå til at forvaltninga av dei midlane som blir stilte til rådvelde over kap. 551, post 61, er i tråd med regelverket for økonomistyring i staten og retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61. I retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 (del II, punkt 3) står det at fylkeskommunane og dei som forvaltar midlar på vegner av fylkeskommunen, skal etablere eit forsvarleg og nyttig system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Systemet skal byggje på ei vurdering av risikoen og av kor viktig eit tema er. Det er òg viktig at ein tek etiske omsyn i sakshandsaminga.

Fylkeskommunane skal forvalte midlane over kap. 551, post 61 etter prinsippa for mål- og resultatstyring. Det inneber mellom anna at det må utarbeidast eit mål- og resultatstyringssystem med indikatorar og resultatkrav som svarer til måla for regional utvikling i fylkesplanen, og som er i tråd med arbeidsmåla innanfor programkategori 13.50.

5. Overføring av midla

Ramma til fylkeskommunen blir overført to gonger i 2011, ca. 1. mai og ca. 1. oktober. Den delen av ramma som blir gitt som tilsegnsmakt, blir utbetalt i januar 2012. Departementet vil overføre midlane til dei same kontoane som i 2010 med mindre departementet får melding om at fylkeskommunen ønskjer noko anna.

6. Kontroll

Departementet og Riksrevisjonen kan når som helst be om innsyn i bruken av midlane.

Departementet har ansvar for å sjå til at fylkeskommunane har gode internkontrollsystem for tilskotsforvaltning av midlane. For at departementet betre skal kunne følgje opp det ansvaret, skal fylkeskommunane i den årlege rapporteringa melde frå om fylkesrevisjonen har hatt større merknader eller gjort større funn i samband med verkemiddelbruken over kap. 551, postane 60 og 61, og eventuelt rapportere om innhaldet i desse merknadene og korleis dei blir følgde opp.

PwC har på oppdrag frå departementet hausten 2010 gjennomgått tilskotsforvaltninga til fylkeskommunane. Dette arbeidet er omtalt i brev av 24. februar 2011, punkt 5.1.

7. Rapportering, oppfølging, fristar

Kommunal- og regionaldepartementet viser til at rapporteringa for 2010 skulle vere lagd inn i Rapp 13.50 pr. 1. februar 2011.

1. april 2011	Frist for beskrivande årsrapport 2010
10. mai 2011	Frist for rapportering av transportstønad i 2010
16. august 2011	Frist for halvårsrapportering 2011
2. februar 2012	Frist for innlegging av rapportering for 2011 i Rapp13.50

Fristane gjeld òg for andre aktørar som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunen, for eksempel Landsdelsutvalet og kommunane. Dersom denne rapporteringa går gjennom fylkeskommunen, må fylkeskommunen setje frist slik at dei kan overhalde fristen til departementet.

8. Kunngjering.

Fylkeskommunane og dei aktørane som forvaltar midlar på vegne av fylkeskommunen, er ansvarlege for informasjon om tilskotsordninga. For å sikre lik behandling, skal midlane kunngjerast, jf. Retningslinjene, del II, punkt 2.


9. Informasjons- og kommunikasjonsarbeid

Arbeidet med å vidareutvikle informasjonen og kommunikasjonen om regional utvikling vil halde fram i 2011. I samband med budsjettet for 2011 utvida Kommunal- og regionaldepartementet våre nettsider med informasjon om det regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane. Departementet vil i 2011 vidareutvikle desse sidene. Kommunal- og regionaldepartementet vil dessutan føre vidare dialogen med fylkeskommunane om korleis midlane til regional utvikling, og bruken av dei, kan synleggjerast betre.

Avslutning

Eg ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lykke til med breibandutbygginga i 2011!

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

Fylkesvis fordeling av løyvinga på kap. 551, post 61 i 2011

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling

Fornyings- administrasjons- og kirke departementet

Plan- og administrasjonsavdelingen

Riksrevisjonen

Samferdselsdepartementet

Vedlegg 1:

Kap. 551, post 61 Næringsretta midla til regional utvikling.

Fylkesvis fordeling av løyvinga 2011. *) 0,2 mill. kr er overført fra 2010, er lagt til restmidlane

	1	2	3	4	5
	Næringsretta utviklingstiltak. Beregneda kompensasjonsmidler 2011	Fordeling til breiband og anna infrastruktur 2011	Sum til det enkelte fylke (sum 1 + 2)	Løyvinga 2011 (utbetalast i 2011)	Tilsegnfullmakt, (utbetalast i 2012)
Østfold	0	0,40	0,4	0,3	0,1
Hedmark	9,5	6,90	16,4	14,0	2,4
Oppland	3,7	6,90	10,6	9,1	1,5
Buskerud	1,8	2,60	4,4	3,8	0,6
Telemark	3,2	5,90	9,1	7,8	1,3
Aust-Agder	2,2	2,40	4,6	3,9	0,7
Vest-Agder	3,3	2,90	6,2	5,3	0,9
Rogaland	13,4	2,60	16,0	13,7	2,3
Hordaland	49,4	7,00	56,4	48,3	8,1
Sogn og Fjordane	38,3	8,40	46,7	40,0	6,7
Møre og Romsdal	81,6	11,90	93,5	80,1	13,4
Sør-Trøndelag	11,8	7,50	19,3	16,5	2,8
Nord-Trøndelag	0,7	9,40	10,1	8,6	1,5
Nordland	145,9	25,90	171,8	147,2	24,6
Troms	202,9	16,60	219,5	188,1	31,4
Finnmark	0	11,50	11,5	9,8	1,7
SUM Fylkene*	567,7	128,8	696,5	596,5	100,0